

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 24.08.2015

Handsaming i møte

RS 61/15 Handlingsplan Hardangerbrua AS

Vedtak

Kontrollutvalet ser positivt på at Hardangerbrua AS har sett i verk nokre av tiltaka som går fram av vedtaket i fylkestinget. På bakgrunn av at det er planlagt at fleire av tiltaka, punkt 1 og 4, skal setjast i verk i samband med hhv. valet hausten 2015 og for rekneskapsåret 2016, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.12.2015.

RS 62/15 Sluttrapport – forvaltningsrevisjon økonomistyring

Vedtak

Kontrollutvalet er nøgd med oppfølginga av forvaltningsrevisjon av økonomistyring og seier seg ferdig med saka.

RS 63/15 Tilskotsforvaltninga på kulturfeltet – tilbakemelding status på dei 7 tiltaka i handlingsplanen

Vedtak

Kontrollutvalet ser positivt på det er sett i verk ein del prosessar for å betre rutinane innan tilskotsforvaltninga på kulturfeltet. På bakgrunn av at mykje av arbeidet som gjenstår ser ut til å ligge i den oppstarta samla gjennomgangen av tilskotsforvaltninga som skal leggjast fram politisk hausten 2015, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.

RS 64/15 Ny status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i HFK

Vedtak

Kontrollutvalet ser positivt på at dei fleste tiltak etter forvaltningsrevisjon av personalforvaltninga i HFK er gjennomført og at det ser ut til at det er laga gode planar for gjennomføring av dei tiltaka som gjenstår. På bakgrunn av dette er kontrollutvalet nøgd med oppfølginga og seier seg ferdig med saka.

RS 68/15 Skatt juni 2015

Skatt pr. juli 2015 vart lagt fram i møtet.

RS 70/15 Forvaltningsrevisjon fagopplæring - Løypemelding

Vedtak

Kontrollutvalet registrerer at det framleis gjenstår ein del arbeid i høve punkt 9 etter forvaltningsrevisjon av fagopplæring i Hordaland fylkeskommune. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015 på punkt 9.

Dei øvrige referatsakene vart tekne til orientering.